



# Program for **Leikanger** **Venstre**

for perioden 2011-2015

[www.leikanger.venstre.no](http://www.leikanger.venstre.no)



**venstre**

# Perioden 2007-2011

Venstre har hatt 3 representantar  
i kommunestyret denne perioden.

Vi har medverka i mange viktige  
saker, bl.a:

- ein betre utbyggingsavtale i kraftsaka: Sognekraft søkte i 2010 konsesjon for kraftutbygging i Henjadalen og Grindsdalen. Venstre var skeptisk på grunn av inngrep i dalføra, fare for kvaliteten på drikkevatnet og låg restvassføring. Utkast til avtale var heller ikke god nok for Leikanger-samfunnet. Venstre deltok difor i fleirtalsfraksjonen som forhandla fram ny og betre avtale for kommunen. Saka ligg no hjå NVE.
- støtta arbeidet med sentrumsutvikling: Sentrum har dei siste åra fått eit stort løft, med etableringa av torgplassen Borggarden. Sentrumsgruppa har vore sentrale i sentrumsutviklinga, som er viktig både for næringsutvikling og trivsel. Dette støttar vi heilhjarta.
- framtidsretta tilbod om sørmeopplæring: Badebassenget på ungdomsskulen er nedslite og rehabilitering løner seg ikkje. Venstre har vore pådrivar for å utgreie nye løysingar. Viktigast er det å følgje opp dei lovpålagde oppgåvane om sørmeopplæring. Kan dette kombinerast med andre omsyn, er det positivt.



- opprustning av barnehagane: I denne perioden er det etablert ny privat barnehage, og dei kommunale barnehagane er rusta opp. Kommunen har no full barnehagedekning i tenlege lokale.

- styrka fagmiljø gjennom interkommunalt samarbeid: Barnevernstenesta har denne perioden fått eit løft, gjennom etableringa av Sogn Barnevern. Slike interkommunalt samarbeid er viktig for å bygge robuste fagmiljø og sikre kvalitet på tenestene.

- fokus på økonomi i balanse: Kommunen er framleis i ein vanskeleg økonomisk situasjon, med høg lånegjeld og manglende samsvar mellom kostnader og inntekter. Det er teke grep, men framleis blir det budsjettert med fondsavkastning for å få drifta i balanse.

# Velferd først

Alt heng saman. Men noko kjem før andre ting. Venstre set helse, oppvekst og utdanning høgt.

*Helse- og omsorgstenestene er i endring: Behovet for helse- og omsorgshjelp aukar, og samhandlings- og sjukhusreformer set nye krav.*

## Framover vil Venstre:

- Nytte kapasiteten på sjukeheimen fullt ut
- Bygge omsorgsbustader, helst i tilknytning til sjukeheimen
- Gje tilbod nærmest mogeleg - fleire tenester lokalt
- Sikre god akuttberedskap
- Vurdere ulike lokale og regionale samarbeidsformer som kan sikre god kvalitet på tilboden



*Gode barnehagar, SFO og skular er avgjerande for at born og ungdom trivst og utviklar evnene sine. I Leikanger har vi sterke lærekrefter i nyopprusta bygg.*

## Framover vil Venstre:

- Prioritere god kvalitet på innhaldet i barnehagane
- Halde fram satsing på vidareutdanning
- Styrke skulane gjennom auka samarbeid
- Gje ungdommane varierte fritidstilbod, bl.a samarbeide med Sogndal om aktivitetar og transport
- Støtte oppunder ungdomsrådet og eige ungdomsfond



# Kreativ og grøn verdiskaping

Positiv utvikling kjem ikkje av seg

sjølv. Vi må nytte våre lokale fortrinn, både menneskelege og naturbaserte.

*Leikanger har attraktive arbeidsplassar og fleire servicetilbod. Med aktivt næringsarbeid skal vi framleis vere ei god lokalisering for verksemder.*

## Framover vil Venstre:

- Ha aktiv dialog og samarbeid med eksisterande verksemder
- Stimulere knoppskytinga mellom det oftentlege og private
- Få utarbeidd ei strategisk næringsanalyse
- Styrke ressursane som kan jobbe med konkrete utviklingsprosjekt lokalt og regionalt
- Tilrettelege næringsareal. Tinghusanlegget er sentralt.

*Leikanger har rike natur- og miljøressursar med stor verdi for oss som bur her og dei vi har på besøk. Vi må ta vare på, bruke og sikre ei skånsom utvikling av desse.*



## Framover vil Venstre:

- Lage strandsoneplan for Fjordbygda Leikanger: utvikle eksisterande friområde og gjere fleire område tilgjengelege.
- Lage fleirbruksplan for fjellområda med skånsom utnytting av naturen. Herunder heilskaplege vurderingar kring vegar, utbygging av hytter og område for sommar/vinteraktivitetar.
- Kreve at Statnett i samband med linjenettopprustning tek lokalt samfunnsansvar og mellom anna bidreg til å utbetre Kleppa- og Eggjavegen.
- Vidareutvikle sentrum, med stadianalyse og arbeidet i sentrumsgruppa som sentrale byggesteinar
- Aktiv bruk av stimuleringsmidlar for å skjøtte kulturlandskap- og miljø. Herunder også bygningsmiljø.



# Framtidsretta bumiljø og infrastruktur

Fleire innbyggjarar betyr eit rikare Leikanger, menneskeleg og økonomisk. Det set krav til hus, bumiljø, vegar, kommunal og regional infrastruktur.

Folk treng hus og hus treng folk i Leikanger. For å få fleire til å busette seg her, treng vi eit variert bustadtilbod med gode kvalitetar.

## Framover vil Venstre:

- Styrke kommunen si rolle som aktør i bustadplanlegginga
- Ha gjennomgangsbustader med gode kvalitetar
- Samarbeide med private og offentlege aktørar for å få til eit variert tilbod, for både leige og eige
- Sikre gode bumiljø gjennom bevisst bruk av plan for fortetting og retningsliner for god byggeskikk
- Lage bustadstrategisk plan med analyse av behov, herunder korleis sikre god integrering av flyktningar

*Infrastrukturen i kommunen og regionen er viktig for bu- og lokalmiljøa våre. Miljø og tryggleik må ha fokus i utbetring av fylkes- og riksvegnettet og den kommunale infrastrukturen.*



## Framover vil Venstre:

- Utbetre den kommunale infrastrukturen, inkludert leidingsnettet
- Vidareutvikle sentrum med miljøgate
- utbetre Kleppavegen og parkeringsplassen på Kleppa i samband med ny kraftlinjeføring i fjellområda
- Jobbe for å få fleire lokale prosjekt med i fylkes- og riksvegprioriteringane, herunder gang- og sykkelveg langs fv. 185 Njøsavegen og langs rv. 55 frå Kløvi til båthamna, samt utbetring av rv. 55 Leikanger - Hella
- Samarbeide regionalt om vidare utbygging av høghastigheits breiband
- Halde sterkt fokus på behovet for nattstasjonert fly på Haukåsen. Regionen treng betre regularitet og kapasitet.
- Støtte opp om tunnel under Vikafjellet for å sikre godt samband til Voss og Bergen



# Medverke i samfunns- og kulturliv

Eit levande og mangfaldig Leikan-  
ger utviklar vi best i samspelet  
mellan kommunen, lagslivet og  
innbyggjarane.

*Gode kulturtilbod er viktig for trivsel og for at  
fleire skal ønskje å bu her. Kommunen må støtte  
det frivillige lagslivet, men også stå for gode  
kommunale tilbod.*

## Framover vil Venstre:

- Arbeide for å sikre symjetilbod og basseng i kommunen
- Syte for at idrettshallen og kultursalen har tenleg utstyr som bidreg til å styrke lokale kultur- og næringsarrangement
- Vidareutvikle idrettsanlegget ved barneskulen. Vurdere skøytebane for born
- Jobbe for eit breitt kulturskuletilbod som når mange
- Gje musikklivet betre levekår med lågare dirigentutgifter
- Styrke bibliotektilboden og utvide opningstidene
- Ta vare på vår felles kultur- og bygdehistorie, støtte kyrkja si rolle som kulturbærar.
- 



*Innbyggjarane i kommunen er ressurssterke og med eit breitt engasjement. I utviklinga av Leikan-  
ger må desse ressursane utløysast.*

## Framover vil Venstre:

- Innvolvere innbyggjarar og interessegrupper i tiltak og arbeidsgrupper
- Legge til rette for dialog og medverknad
- Sikre opne politiske prosessar
- Ha ein brei og inkluderande prosess om moga-  
geleg kommunesamslåing med Sogndal.  
Innbyggjarane må takast med på råd.
- Vere gode på innbyggarretta informasjon



# Ei stemme til Venstre

Ei stemme til Venstre er ei stemme til berekraftig utvikling og utnytting av våre økonomiske og menneskelege ressursar til beste for Leikanger.

## Venstre vil:

- bygge omsorgsbustader, helst i tilknytning til sjukeheimen.
- støtte oppunder ungdomsrådet og eige ungdomsfond.
- styrke ressursane som kan jobbe med konkrete utviklingsprosjekt lokalt og regionalt.
- tilrettelegge næringsareal. Tinghusanlegget er sentralt.
- ha ein åpen og inkluderande prosess om kommunesamslåing med Sogndal.
- lage fleirbruksplan for fjellområda med skånsom utnytting av naturen. Herunder heilskaplege vurderingar kring vegar, utbygging av hytter og område for sommar/vinteraktivitetar.
- ha gjennomgangsbustader med gode kvalitatar
- vidareutvikle sentrum med miljøgate
- få til utbetring av Kleppavegen og parkeringsplassen på Kleppa i samband med ny kraftlinjeføring i fjellområda
- ha sterkt regionalt samarbeid om styrking av flytilbodet frå Haukåsen
- arbeide for å sikre symjetilbod og basseng i kommunen
- syte for at idrettshallen og kultursalen har tenleg utstyr som bidreg til å styrke lokale kultur- og næringsarrangement



# Valliste



1. **Trude Risnes** (1971)  
seniorrådgjever  
i  
Distriktsenteret

2. **Marit Mellingen** (1971)  
Nestleiar i Difi

3. **Sigve S.Taklo** (1988)  
Student UiB

4. **Jarle Bøym** (1961)  
Sj.næringsdrivande



5. **Marit Anita Skrede** (1974)

6. **Johannes Hamre** (1967)

7. **Eyvin Sølsnes** (1966)

8. **Tove Stensås** (1961)

9. **Kurt Skagen** (1961)

10. **Malen Røysum** (1968)

11. **Johannes Thue** (1980)

12. **Susanne Svartdal** (1963)

13. **Roger Nedrehagen** (1972)

14. **Jon Andreas Amundsen** (1979)

15. **Astrid Taklo** (1961)